

## Referat frå samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

9.-10. mai 2006, Toten



**TILSTADES:**

Arne Amlien	Mjøsmuseet AS	9.-10.mai
Tom H. Haraldsen	Mjøsmuseet AS	9.-10.mai
Torveig Dahl	Mjøsmuseet AS	9.-10.mai
Rune Hårstadsveen	Mjøsmuseet AS	9.-10.mai
Aage Engesæter	De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum	9.-10.mai
Liv Byrkjeland	De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum	8.-10.mai
Marie Pettersson	De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum	8.-10.mai
Leif Hauge	Høgskulen i Sogn og Fjordane	9.-10.mai
Mons Kvamme	Høgskulen i Sogn og Fjordane	9.-10.mai
Kåre Hosar	Maihaugen	9.-10.mai
Kjetil Monstad	Havråtunet	9.-10.mai
Marit Adelsten Jensen	Havråtunet	9 -10 mai
Ragnhild Hoel	Riksantikvaren	9.-10.mai
Svein Ove Hojem	Sverresborg - Trøndelag Folkemuseum	9.-10.mai
Margunn Eik	Baroniet Rosendal	9.-10.mai
Knut Austad	Jærmuseet	9.-10.mai
Kristina Bjureke	Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo	9.-10.mai
Finn Audun Grøndahl	Randsfjordmuseene AS	9.-10.mai
Mari Marstein	Gamle Hvam Museum	9.-10.mai
Per Morset	Randsfjordmuseene AS	9.mai
Dag Lindbråten	Randsfjordmuseene AS	9.mai *
Marit Sunde	Østre Toten kommune	9. mai
Hans Seierstad	Østre Toten kommune	9. msi
Ingrid Klynderud	Østre Toten kommune	9. mai
Heidi Froknestad	Østre Toten kommune	9. mai
Tom H. Haraldsen	Fylkespolitikar	9. mai
Espen Finstad	Oppland fylkeskommune	9. mai
Stig Honsberg	Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga	9. mai
Trond Raddum	Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga	9. mai
Jarle Nordeengen	Østre Toten kommune	9. –10 mai
Aud Åse Reitan	Norsk Landbruksmuseum	10. mai *
Toril Vestad	Oppland Fylkeskommune.	10. mai

*Berre delar av dagen*

***Deltakrane på den 5. samlinga i Det Nasjonale Museumsnettverket for Kulturlandskapsnettverket fekk oppleve Totenlandskapet på sitt vakraste. På denne samlinga fekk vi lære om eit anna kulturlandskap og nye måtar for musea å jobbe på. Kanskje var denne samlinga starten på ei vidareutvikling av kulturlandskapsnettverket som samfunnsaktør?***



**TYSDAG 9.mai 2006**

**FOREDRAG PÅ KAPP MELKEFABRIKK**



### **Velkomst og innleiing**

Museumsdirektør Arne Amlien og ordfører Hans Seierstad ønska oss velkomne til Toten og Mjøsmuseet, og leia oss inn mot dagens tema.

Innleiingsføredraget til Leif Hauge tok føre seg tankar og idear om korleis musea kan ha ein ny rolle i arbeidet med å ivareta eit utval av historiske kulturlandskapstypar. Føredraget vart delt ut på møtet.

### **Kulturlandskapsforvaltning - statlege føringar. Kva rolle kan musea ha i framtida?**

*Ragnhild Hoel, Riksantikvaren.*

Føredraget gav ein oversikt over styringsdokument og kulturlandskapsregistreringar som er relevante for kulturlandskapsarbeidet framover. Nokre viktige moment frå føredraget:

- Det er sett i gang svært mange kartleggingsprosjekt av kulturlandskapet.
- Mange museum er allereie involvert i arbeid med kulturlandskap utanfor museumsområda ulike stader i Noreg, bl.a. i Verdiskapingsprogrammet.
- Musea kan utvikle seg til å bli viktige kompetansemiljø i arbeidet med å ta vare på dei mest verdifulle områda. Musea er viktige møteplassar, noko som ikkje forvaltninga har.

Heile føredraget er lagt ved som eige fil i den elektroniske versjonen [her](#).

**Opplands Kulturlandskapsprosjekt** v/  
*Espen Finstad, arkeolog, Oppland fylkeskommune.*

Presentasjon av 6 nasjonale samanhengande, og eit spesial kulturlandskapsområde i Oppland. Visninga la vekt på Balke – Lillo. Bileteframsyninga frå områda vart kraftig amputert pga tidspress og sviktande teknologi. Arrangørane beklagar dette.

### **Verneverdige kulturlandskap og forventningar til musea**

*Tom H. Haraldsen, fylkespolitikar*

Nokre moment frå føredraget:

- Oppland fylkeskommune har laga handlingsplan med forpliktande avtalar.
- Politikarane i fylkeskommune og kommune kan påverke ved å gje musea ressursar slik at dei kan utviklast som samfunnsaktørar. Regionmusea skal styrkast.
- Musea er viktige i arbeidet med å skape lokale arenaer. Beslutningar bør ned på eit nivå der dei høyrer heime, og gjerast i dialog med brukarane.
- Oppland har som visjon å bli kulturlandskapsriket.

---

### **UT I FELT**

Tom Haraldsen gav oss innsikt i både historie og landskap på bussturen til Balke kirke.



### **Vern av kulturlandskapet og samarbeid med museet**

*Hans Seierstad, Østre Toten kommune*

Ordførar Hans Seierstad held føredrag om kulturlandskapet som vi hadde flott utsikt til frå Balke kirke. Seierstad sette fokus på problematikken rundt vern av kulturlandskap og drift av det moderne jordbruket.

Musea er frikopla frå forvaltninga og vedtaksorgana, og er viktige formidlarar som forvaltninga bør ha nytte av.

### **DISKUSJON**

Nokre moment frå diskusjonen:

- Det særleine i landskapet bør vernast. Nokre stader er det det visuelle landskapet, andre stader det biologiske mangfaldet.
- Bør nokre areal konserverast ? Det bør ikkje vere store areal. Musea bør ha eksempel på kulturlandskap frå ulike tidsepokar, slik som på Stenberg. Konservering av landskap bør ikkje gå på bekostning av bruken.
- Musea har viktigast oppgåve som formidlarar.
- Kommunen treng samarbeid med musea når det gjeld oppfølging av

SMIL-midlane til å motivere grunneigarar og i gjennomføringa av skjøtselen.

- Det er viktig at kunnskapen som musea sit inne med kjem ut i ein tidleg fase i sakshandsaminga.
- Musea kan arrangere temaføredrag og påverke gjennom kunnskapsformidling. Musea har lettare for å kome i dialog med brukarane enn det forvaltninga har.
- Grunneigarane treng kunnskap for å vite kva verdiar dei har hand om.

### **Praktisk og teoretisk avgrensing av nasjonale kulturlandskap**

*Stig Honsberg, Fylkesmannen i Oppland*

Stig Honsberg som var “stand-in” for Toril Vestad fortalde om utfordringane forbundet med avgrensinga av det enkelte kulturlandskap og kulturmiljø. Nokre av momenta:

- Tek utgangspunkt i kartlegginga frå 1994.
- Store heilskaplege område er valt på bekostning av dei små særprega områda.
- Artsrikkdom viktig kriterie.
- Ingen lokale prosessar i samband med utvalet av område.
- Områda er diffus avrensa.
- Tendens til at område blir utvida etterkvart.

---

Neste stopp var Tandberg der rekonstruksjon av husmannsplassar i kulturlandskapet var tema. Etter ei forfrisking var det nye føredrag i vårsola.



*Vert og grunneigar Eivind Peder Hveem serverar saft og husmannskake. Foto: Marie Pettersson.*

### **Småbruk og husmannsplassane i Balke-Lillo**

*Trond Raddum Fylkesmannen i Oppland*

Trond Raddum orienterte om husmannsvesenet generelt og husmannsplassar på Balke-Lillo området spesielt. Han presenterte rapporten "Småbruk/tidligere husmannsplasser, bureisingbruk og arbeiderboliger i tilknytning til det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet Balke - Lillo i Østre Toten."

### **Utfordringar og gjenskaping av kulturmiljø**

*Eivind Peder Hveem, grunneigar*

Eivind Peder Hveem orienterte om historia til garden og bygningane. Viktige utfordringar som han har møtt i restaureringsarbeidet var bl.a.:

- Vanskeleg å vite kva som er rett å gjere i landskapet.
- Den kommunale politikken i det verneverdige området er utydeleg.
- Museet bør vere meir open for samarbeid.
- Folk treng auka bevissthet om landskapet.

### DISKUSJON

- Husmannsplassar og marginale landbruksområde fell utanfor alle tilskotsordningar. Det er eit problem. SMIL bør og skal omfatte slike areal og.
- Land Museum samarbeidar med kommune og fylkeskommune bl.a. om å lage tilstandsrapportar.
- Områdeplanar er verdilause så lenge dei ikkje er knytt til ein juridisk bindande plan.



*Gile gård. Foto: Marie Pettersson*

Bussturen gjekk vidare til siste stopp på ekskursjonen som var Gile Gård. Dette er ein Toten gard med lang historie. Det er gjort svært mange interessante gravfunn på eigedomen.

Alfhild Gihle orienterte om gardssoga i korte trekk, før ho måtte halde fram med halm Brenning i ei hektisk våronn.

**Orientering om skjøtelsprosjektet og kulturlandskapet på Gile.** Forventning til musea med omsyn til skjøtsel og ”fossilt” kulturlandskap.

*Mikkel Bakkegård, gardbrukar*

Mikkel orienterte om stell av det fossile kulturlandskapet som her omfattar mange gravhaugar med unik botaniske og historiske verdjar.

Slått av desse områda er vanskeleg og arbeidskrevjande. Det må leigast inn ekstrahjelp, og det er heilt nødvendig med økonomisk støtte.

Musea kan vere interessante å samarbeide med når det gjeld formidling og prosjekt.



*Seminar deltakarar slappar av med matøkt på ein av gravhaugane på Gile Gard. Foto: Marie Pettersson.*

## DISKUSJON

Nokre moment frå diskusjonen:

- Musea kan vere motivatorar og ”trenarar” som stimulerar grunneigarar og andre i arbeidet med å bevare kulturlandskapet.
- Musea kan ta vare på kunnskap og arrangere kurs.
- Musea kunne hatt mange museumsbønder som hadde i oppgåve å skjømte eit utval av

kulturlandskap utanfor museumsmurane.

- Musea kunne gitt innspel til kommuneplanar.
- Skjøtsel er arbeidskrevjande, og musea må allereie jobbe mykje gratis for å nå over dei skjøtelsoppgåvene dei allereie har.
- Skjøtelsarbeidet krev kompetanse, erfaring og vilje.

Retur til Peder Balke senteret for ein betre middag, underhaldning, omvisning og overnatting.



*Overnattinga var på Peder Bale senteret der vi hadde ei minnerik stund i beste nettverksånd utover kvelden. Foto: Marie Pettersson*

## ONSDAG 10. mai

---



### Nettverksøkt

Presentasjon frå musea:

#### **Mjøsmuseet A/S**

*Torveig Dahl*

Korleis nettverket fungerer: bør ha ein kjerne som er aktive, viktig å sjå ulike settingar frå ulike ståstader, lettare å ta kontakt, få inspirasjon, bør også jobbe i mindre grupper, koplinga mot forskning er viktig, meir kopling mot lokal forvaltning, ikkje vere lukka.

Det tradisjonelle kulturlandskapet er eit forvirrande omgrep. Må vere meir presise i kva landskap vi snakkar om. Bør få på plass ein terminologi.

*Tom H. Haraldsen*

Musea kan vere ressursbasar for kommunane i samhandling med befolkninga. Mjøsmuseet ynskjer å vere gode på dette.

#### **Maihaugen**

*Kåre Hosar*

Musea er ulike. Maihaugen har konsentrert arbeidet om landskapet ”innanfor murane”. Verksemda utanfor i hovudsak dokumentasjon. Ikkje kapasitet til aktiv kulturlandskapsskjøtsel, men kan vere fagleg rådgivarar og pådrivarar. Nettverkssamlingar lærerike pga får innblikk i mange ulike museum og arbeidsmåtar. Musea skal ikkje overta for kulturminnevernet.

#### **Havråtunet**

*Kjetil Monstad*

Tradisjonsbåren kunnskap er spesielt for Havråtunet. Der kan ikkje landskapet overleve med moderne driftsmetodar. Har utvikla eigen forvaltningsmodell som fungerer. Ikkje så dyrt som ein skulle tru å gjere det på denne måten. Modell for andre?

*Marit Adelsten Jensen*

Musea bør skjøtta landskapet så kulturhistorisk rett som mogeleg for å ta vare på denne kunnskapen som elles vil forsvinne.

#### **Riksantikvaren**

*Ragnhild Hoel*

Overraskande mange museum deltek i kommuneprosjekta til RA. Det skjer allereie mykje samarbeid mellom musea og forvaltninga.

#### **Sverresborg – Trøndelag folkemuseum**

*Svein Ove Hojem*

Sverresborg ynskjer å bygge opp kompetanse, og er på samlinga først og framst for å observere og lære. Jobbar mest med kulturlandskap ”innanfor gjerda” på museet.

#### **Baroniet Rosendal**

*Margunn Eik*

Baroniet har prøvd å engasjere seg i arbeid utanfor museet. Det har blitt mange konfliktsaker.

Baroniet har store skjøtselsoppgåver som det er rett å konsentrere arbeidet om. Slit med gjengroing. Treng tilskot og hjelp til å kople verneområda til skjøtsel- og forvaltningsplan.

Baroniet deltek i forvaltningsarbeid med landskapsvernområde i lag med andre grunneigarar.

### **Jærmuseet**

*Knut Austad*

Dersom musea skal ha auka ansvar for kulturlandskap utanfor museumsområda må musea ha øyremerkta midlar til dette. Det trengst prosjektstillingar. Eit slikt engasjement kan truge musea si nøytrale rolle. Det vil vere positivt for musea å auka fagmiljøet.

### **Naturhistorisk Museum**

*Kristina Bjureke*

Naturhistorisk museum har mange tilsette og store samlingar av biologisk materiale og ein annleis kompetanse enn dei andre nettverksmuseum. Kan bidra med t.d. sopp og insekt i kulturlandskapet som kan vere aktuelle tema i kurs o.l.

Naturhistorisk museum er positiv til at tilsette tek på seg oppdrag utanfrå.

Direktoratet for Naturforvaltning burde deltatt i kulturlandskapsnettverket på lik line med RA.

### **Randsfjordmuseene**

*Finn Audun Grøndahl*

Randsfjordmuseene har eigen stilling på naturhistorie. Museet har ikkje eige museumslandskap, så difor er heile Oppland sitt kulturlandskap arena i bl.a. restaureringsprosjekt (tilbakeføre landskap til naturtilstand). Randsfjordmuseene har kompetanse som andre museum kan ha nytte av. Viktig for musea å jobbe med kulturlandskap utanfor ”murane”.

### **Gamle Hvam Museum**

*Mari Marstein*

Gamle Hvam har mange typar hagar, og har god kompetanse på dette.

Ynskjer undergruppe på hage, og etterlyser kva som har skjedd sidan dette var diskutert på Tøyen-møtet.

Gamle hageplanter er populært, og kunnskapsbehovet er stort.

***Vi beslutta på møtet å gi Gamle Hvam oppdrag til å etablere ei slik hagegruppe.***

### **Lyngheisenteret**

*Mons Kvamme*

Lyngheisenteret er kompetansesenter på vern av landskap gjennom bruk. Lyngheisenteret har engasjert seg utanfor museet, og vore aktive formidlarar m.a. gjennom kurs. Har positiv erfaring med det. Musea bør ikkje vere redde for å gå ”utanfor gjerdet”. Institusjonen bør stå for noko og vere synlege.

### **De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum**

*Aage Engesæter*

DHS/SF jobbar mest ”innanfor gjerda” og har ikkje kapasitet til noko anna i dag. Musea bør byggjast opp som kompetansemiljø og vere aktive formidlarar og inspiratorar. Musea skal ikkje ha offentleg forvaltningsansvar.

Visst musea tek strategiske val, kan det vere mogeleg å få tilført ressursar. Det tradisjonelle kulturlandskapet er samfunnstema, og er eit stort utviklingspotensiale for musea. Oppgåvene til musea kan variera.

### **Østre Toten kommune**

*V/skogbrukssjef Jarle Nordeengen*

Kommunen treng innspel frå mange ståstader. Kulturlandskapet blir danna frå det som til einkvar tid er lønnsamt for bonden. Musea som verken representerar næringa eller forvaltninga kan ha ei viktig



formidlingsrolle. Musea bør engasjere seg ”utanfor gjerdet”.

### **Orientering om status for nettverksprosjekta**

#### **Lauvbruksprosjektet v/Mons Kvamme**

- I. Lauv og lauvtrevirke som fôr.
1. Kartlegge kunnskapsstatus.
  2. Formidlingsdel (bok? film?)

II. Forvaltinga vidare. Kan musea spele ei rolle for bevaring av denne kulturlandskapstypen? Informasjon om prosjektet vart delt ut på møtet.

#### **Informasjonsbase og nettsider v/ Liv Byrkjeland.**

Gjennomgang av sidene på nettet:

HEIMESIDER:

<http://www.kulturlandskapsnettverk.museum.no/>

INFORMASJONSBASE:

<http://www.kulturlandskap.museum.no/>

*Innspel: nettdialogen bør vere lukka for andre enn medlemene i kulturlandskapsnettverket.*

#### **Metodeutviklingsprosjekt v/Marie Petterson**

Kort orientering om det nye prosjektet som vart sett i gong i vinter. Dette er eit praktisk prosjekt som vil reise viktige problemstillingar. Marie inviterte til workshop om dette tema til hausten. Meir informasjon om prosjektet på heimesidene.

#### **Natur og kultur på Hovedøya v/Kristina Bjureke**

Gjennomgang av korleis prosjektet har oppstått frå ein liten ide til eit stort prosjekt og TV-program. Informasjon om prosjektet vart delt ut på møtet.

## **UT I FELT**

### **Ekskursjon til Stenberg**

Etter ei effektiv økt inne, var det tid for å oppleve meir av Mjøsmuseet. Turen gjekk til friluftsmuseet Stenberg der Rune Hårstadsveen og Torveig Dahl viste oss rundt i bygningar, landskapsark og resten av det flotte friluftsmuseet. Rune gjekk også gjennom eit populært skuleopplegg om gamaldags skogbruk som museet brukte å ha om vinteren.



*Torveig Dahl fortel om friluftsmuseet Stenberg.*

Etter rundturen på Stenberg var det tid for oppsummering og val av stad for neste nettverkssamling.

Det viste seg at deltakarane ønska seg både Rosendal og Jærmuseet, men Jærmuseet vann avstemminga med knapp margin.

Vi avslutta den 5. nettverkssamlinga med at Knut Austad frå Jærmuseet ønska velkomen til Jæren og Jærmuseet tidleg neste vår.

[Sjå fleire bilete på heimesidene.](#)